



Ner-Kolås
Kolåsveien 112
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1179 - 14/14567

Saksbehandlar:
Hogne Haugsdal
Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:
16.06.2014

Svar på brev vedrørende matbetaling på Ner-Kolås

Viser til Dykkar brev datert 14.2. d.å.

Lindås kommune har fleire dag-, arbeids- og aktivitetstilbod. Regelen er at dei som brukar desse tilboda også må betale for maten som vert tillaga og servert. Rådmannen er kjent med at brukarar som nyttar seg av andre tiltak, til dømes innanfor psykisk helse, som Ankeret Aktivitetssenter og Stig inn – aktiv kvardag, betalar for lunsj og der ei av arbeidsoppgåvene er å delta i matlaginga både som ei læring i matlaging og det sosiale rundt aktiviteten. Kommunen har ulike dagtilbod innanfor eldreomsorga. Her betaler også brukarane for maten dei får, anten det er frukost, lunsj eller middag.

Som de skriv i brevet har brukarane på Ner-Kolås i mange år fått gratis mat. For at det skal bli like forhold innanfor dei ulike dag-, arbeids- og aktivitetstilbod, ser rådmannen det som naturleg og nødvendig at brukarane på Ner-Kolås også betaler for maten. Slik rådmannen kjenner til, framgår det ikkje av vedtak/arbeidsavtale om plass på Ner-Kolås at maten skal vere gratis. Det vil sjølvsagt alltid vere mogleg å ha med eigen matpakke dersom ein ønskjer det.

Rådmannen håpar at det er forståing for at Lindås kommune må ha like forhold innanfor dei ulike tilboda vi har.

Med helsing

Hogne Haugsdal
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Ner-Kolås

Kolåsveien 112 5955

LINDÅS